



**DET  
NORSKE  
TEATRET**

**MEG GJERTRUD JYNGE**  
**HAN EIVIN NILSEN SALTHER**  
**MENNESKE MARIANNE KROGH**  
**EKS GLENN ANDRÉ KAADA**




**REGISSØR MARIA KJÆRGAARD-SUNESSEN**  
**SCENOGRAF OG KOSTYMEDESIGNAR MIE RIIS**  
**LYSDESIGNAR GYRIL HØGBERG**  
**LYDDESIGNAR CHRISTOPHER WOXHOLT**  
**DRAMATURG CARL MORTEN AMUNDSEN**

**INSPISIENT PÅL PANDE-ROLFSEN**  
**SUFFLØR ISELIN IVARSON/HANS KÅRE SJØSTRØM/  
AMUND SIGURDSSØNN KARLSEN**  
**MASKØR INGUN IHLER WAGNER**  
**REKVISITØR HELGE FYKSE**  
**SCENEMEISTER KALLE VON HIRSCH**  
**LYSMEISTER OLE RANDERS**  
**KOSTYMEKOORDINATOR TOVE SVARTSUND**

# INGENTING AV MEG

AV ARNE LYGRE



**NOREGSPREMIERE 5. SEPTEMBER 2014 PÅ SCENE 2**

Takk til Rosa Lux for musikk.

Dramatikaren har fått støtte frå Kulturrådet og

Dramatikkens hus i arbeidet med teksten.

Forlag: Colombine Teaterförlag

Ei kvinne møter ein yngre mann på ein bar. Hun forlèt familien sin og flytter saman med han. Dei lever isolert i ei ny kjærleikshistorie, inntil fortida innhentar dei og avslører ei fælsleg ulykke. Ho klamrar seg til ideen om kjærleik som den einaste redninga frå sjølvutsletting, sorg og djup eksistensiell einsemd. Men mørket er vanskeleg å riste av seg.

For å komme unna det vanskelege må ein finne trøyst, soning, samkjensle og kan hende ein ny identitet. Men er det mogleg å sjå seg sjølv utan blikket frå omverda, utan foreldre og utan dei barna ein har fått? Ein er vel ikkje meir enn ein kan førestille seg, og ein del av sjølvoppfatninga vår heng saman med kva andre førestiller seg om oss. Er det råd å rømme frå sin eigen skygge, frå ansvar, skyld og sorg – frå den kjærleiken ein har følt?

Spørsmål, førestillingar, minne og tankar blandar seg i hop til ei klaustrofobisk marerittsfornemming, der medvitet om sjølv et er ei konstant påminning om ei fortid ein ikkje kan forsone seg med. Denne framsyninga er eit poetisk destillat om ei stor flukt inn i kjærleiken og om skismaet mellom born og foreldre.

**Maria Kjærgaard-Sunesen** (f. 1985) blir omtala som Danmarks nye instruktørhåp. I 2011 gikk ho ut fra Statens Teaterskole i København der eksamensframsyninga var *Så blir det stilt av Arne Lygre*. I fjor vann ho den høgthengande teaterprisen Reumert for *Æblet* ved Mammutteatret. Ho har sidan ho blei uteksaminert sett opp 13 framsyningar, hovudsakleg ved Det Kongelige Teater i København. Blant desse er *Idioterne*, *Sans*, *Bunny Munros død* og *Tigerhjerter svøbt i kvindehud*.

**Mie Riis** (1982) er scenograf og kostymedesignar med utdanning frå Statens Teaterskole i København. Saman med Kjærgaard-Sunesen var eksamensframsyninga *Så blir det stilt av Arne Lygre*. I tillegg har ho utdanning som fotograf. Mie Riis har vore representert ved rekkje utstillingar. Dei seinare åra har ho arbeidd som scenograf med oppdrag for særleg det frie feltet innanfor teater- og dansekunst. Ho har òg vore tilknytt Teater Nordkraft, Mungo Park og Dansehallerne.



Maria Kjærgaard-Sunesen



Mie Riis